

# **Reguleringsføresegner for Glosliheia I,**

## **nr. 137 bnr. 3 i Tokke kommune**

---

PlanID: 20150001

Kommunestyrets vedtak 14.06.2016, sak 16/37

---

Føresegnene gjeld for område innanfor planavgrensing i plankartet og gjeld både eksisterande og nye hytter/tomter. Føresegnene er gjevne i medhald av Plan- og bygningslova § 12-7.

Reguleringsføremål (PBL.§ 25)

- |               |   |
|---------------|---|
| PBL § 12-5,1  | <u>Bygningar og anlegg</u>                        |
|               | - Fritidsbusetnad                                 |
| PBL § 12-5, 2 | <u>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</u> |
|               | - Samferdselsanlegg                               |
|               | - Køyreveg  |
|               | - Parkeringsplasser                               |
| PBL § 12-5, 5 | <u>Landbruks-, natur- og friluftslivformål</u>    |
|               | - LNF – generelt                                  |
| PBL § 12-5, 5 | <u>Omsynssoner</u>                                |
|               | - Faresone, flaum                                 |
|               | - Sikringssone frisikt                            |
|               | - Båndleggingssone kulturminneloven               |

---

### **§ 1 Fellesføresegner**

- 1.1. Saman med byggjesøknad skal det ligge ved situasjonskart som syner plassering av bygningar på tomta saman med tilkomst og parkeringsareal. I tillegg skal det leggjast ved snitt/ profilar som syner byggjets plassering i terrenget med alle høgder og mål (jfr. TEK kap IV).
- 1.2. Renovasjonsordning skal fylgje det som til ei kvar tid er gjeldande for kommunen.
- 1.3. Før det gjavast utsleppsløyve for hytter i området må det lagast felles V/A plan.
- 1.4. Naturlege vegetasjonssoner langs vatn og vassdrag skal sokjast ivaretatt. Hogst i områda skal gjerast skånsamt. Karakteristiske store furutre skal takast vare på så langt det let seg gjere.
- 1.5. All graving i terrenget skal utførast skånsamt. I område som ikkje skal nyttast til kommunikasjonsareal (veg, parkering ol.) skal terrenget førast attende. Skjeringar og fyllingar skal dekkast med jord eller anna revegeterande masse etter avslutta anleggsarbeid.

- 1.6. Innafor planområdet er det tilleter å føre fram infrastruktur til feltet; kablar og tekniske anlegg. Framføring av leidningar knytt til vatn- og avlaupsanlegg, kabelgrøfter for straum, fiber, tele, osv. bør følge trasear for køyrevegar, og anleggast parallelt, helst som anlegg i bakken.
  - 1.7. Det er ikkje høve til å setje opp flaggstenger innanfor området.
  - 1.8. Det er ikkje høve til å setje opp gjerde eller hekk.
  - 1.9. Det kan borast etter drikkevatn i området. Der det er naturlig bør det lagast fellesanlegg.
  - 1.10. Det opnast for innlagt vatn med gråvassutslepp, utsleppsløye må vere godkjent før vatn kan leggast inn. Som toalett skal nyttast godkjent biologisk toalett.
  - 1.11. Etter at planen er godkjend er det ikkje høve til å etablere private avtaler i strid med planen.
  - 1.12. Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan virke inn på ei automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røre kulturminnet. Kulturminnemyndighetene avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker - om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. Kulturminneloven § 8 andre ledd).
  - 1.13. Før det kan gjevest løye til bygging av ny hytte, skal avkøyring frå Fv 45 vere utbetra og ferdigstilt i medhald av plan.
- 

## **§ 2 Bygningar og anlegg**

- 2.1. Hyttene skal tilpassast terrenget, og eksisterande terreng og vegetasjon skal ein ta vare på i størst mogeleg grad.
- 2.2. Ikkje bygde delar av tomta skal gjevest ei tiltalande utforming.
- 2.3. Bygningane skal harmonere med omgjevnadane når det gjeld utforming, materialval og fargeval. Bygningars på same tomt skal harmonere ilag.
- 2.4. Synleg del av grunnmur skal ikkje overstige 0,8 meter. Plassering av bygningar på tomta skal ikkje medføre planering av terrenget på over 1 meter.
- 2.5. Samla bruksareal (BYA) for kvar tomt skal ikkje overstige 120 m<sup>2</sup>. Parkering inngår ikkje i dette. BYA kan delast på tre bygg, med hovudhytte på inntil 90m<sup>2</sup>, annekts på inntil 30 m<sup>2</sup> og uthus på inntil 20 m<sup>2</sup>.
- 2.6. Bygningane skal leggjast slik at dei til saman dannar eit tun.
- 2.7. Alle bygg skal målast eller beisast i mørk-/ naturtilpassa farge og skal ha mørk taktekking som ikkje reflekterar.
- 2.8. Fritidsbustadane skal ha ei maksimal gesimshøgde på 3 m og maksimal mønehøgde på 5m.
- 2.9. Uthus og annekts kan ha ei maksimal gesimshøgde på 3 m og mønehøgd på maks 4,5 m.

- 2.10. Alle bygningars skal ha saltak, takvinkelen skal vere mellom 15-25 grader tilpassast eksisterande busetting.
- 2.11. Mellom pilarane skal det stengjast av med material av tre eller stein, for å hindre mot vilt og beitedyr.

### **§ 3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

- 3.1. Opparbeiding av private vegar i området er søknadspliktig. I samband med søknad om bygging av vinar må det leggjast ved profilteikningar.
- 3.2. Regulerte vegar kan byggjast med total bredde på 7 meter, der 4 meter utgjer køyrebane.
- 3.3. I avkørsel må det vere frisikt sone på 6x115m.
- 3.4. P2 er forbeholdt festenr: 17 og 18. P3 er forbeholdt festenr: 1 og 4. P4 er forbeholdt festenr: 12 og 13. P5 er forbeholdt festenr: 11, 15 og 16. P6 er forbeholdt festenr: 3, 5, 6, 9 og 10.

### **§ 4 Landbruks-, natur- og friluftsområde**

- 4.1. Fjerning av vegetasjon i området skal gjerast skånsamt og i samband med skjøtsel eller tilrettelegging som fremjar friluftslivet og bruken av området til rekreasjon. Dei store gamle furutrea i området bør bevarast så langt det lar seg gjere.
- 

### **§ 5 Omsynssoner**

#### **Faresone Flau**

- 5.1. Innafor faresona er det ikkje tillate å føre opp nye bygningars.

#### **Sikringssone Frisikt**

- 5.2. I frisiktsonene skal det ikkje vere sikthindrande vegetasjon eller element høgare enn 0,5m mot tilstøytande vegbane.

#### **Båndleggingssone Kulturminneloven**

- 5.3. Områda inneheld kulturminne i form av kolgrop med Askeladden id 214319 som er automatisk freda etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å gjera nokon form for varige eller mellombelse inngrep som medfører å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekkje til, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme det automatisk freda kulturminnet, eller framkalle fare for at dette kan skje. Hogst og skjøtsel i området avsett til bevaring av kulturminne, må skje i samråd med dei regionale kulturmyndighetene.